

# Årsmelding

# Førde sokn

# 2020

## **1. Koronaåret 2020**

Året 2020 vart ulikt alle andre år. Aktiviteten i kyrkjelyden har i periodar vore svært låg og der er nesten berre tal gravferder som har vore normalt. Det vart gjennomført egne dåpsgudstenester med avgrensa tal personar, og nesten ingen bryllaup.

### **Fase 1. Forbod mot arrangement**

12. mars vart landet stengt ned og det vart forbod mot fysiske samlingar. I denne første fasen var vi redde for sosial kontakt og dei fleste arrangement vart avlyst. Påska vart gjennomført med individuelt frammøte ved kyrkja der det var laga ein stor kross som vi kunne legge blommar i. Rundt kyrkja var det sett opp ei påskevandring med plakatar med påsketekstar.

Etter påske vart det framleis forbod mot arrangement, og soknerådet valde då å ha opa kyrkje to gonger for veka. 17. mai var det gjennomført gudsteneste som vart strøyma gjennom Firda, og konfirmasjonane vart utsett til hausten.

### **Fase 2. Gudstenester med namnelister**

Frå juni vart det opna for å ha gudstenester under føresetnad av at vi kunne gjennomføre godt smittevern. Alle måtte då skrive seg opp på namnelister, og det var krav om minst ein meter avstand. I kyrkja nytta vi annankvar benk og salmebøkene fekk nokre dagar «karantene» etter kvar bruk. Barne- og ungdomsarbeidet gjekk som normalt. I juni vart det avstandskravet som avgjorde kor mange som kunne vere i kyrkja, og då var det plass til kring 140 personar. Etter sommaren kom det det nasjonale reglar om maks 50 personar ved arrangement. Konfirmasjonane vart gjennomført i september med slike reglar, og mange søndagar måtte folk snu i kyrkjedøra fordi makstalet var nådd. Nattverd vart gjennomført i kordøra der nattverdsgjestene hadde god avstand og fekk oblat i kalken.

### **Fase 3 Alt vart stengd ned**

Frå 6. desember kom det nye restriksjonar for samlingar utan faste sete. Tal frammøtte i kyrkja var då sterkt redusert. I jula vart det produsert ei eiga digital gudsteneste for julaftan, og første juledag var det to gudstenester med påmelding. Andre juledag vart det gjennomført eit utandørs arrangement med song, appell og fakkeltog.

## **2. Førde sokneråd med utval**

Dette er samansettinga av soknerådet frå november 2019:

Bjørn-Harald Haugsvær (leiar), Jorunn Gjengedal Knapstad (nestleiar), Ingeborg Watne Flatland (medlem i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd), Cathrin Hjelle Søvde, Aud Berit Fossøy

(varamedlem Sunnfjord kyrkjelege fellestråd), Maria Holsen, Ole Johnny Warvik, Sven Ivar Hove, Ingvald Andersen Frøyen (sokneprest)

Varamedlem: Leonard Subrescu, Anny Konstane Skadal Andersen, Nina Gornitshni, Inger Irene Dvergsdal, Olav Magne Hegdal

Førde sokn har no desse faste utvala:

- Utval for gudstenester og kyrkjemusikk: Cathrin Søvde (leiar), Helene Nordeide og Odd Arne Standal, Ingvald Andersen Frøyen (tilsett), Gro Gunnarson (tilsett)
- Misjonsutvalet: Jorunn Knapstad (leiar), Eli Schwartz, Nina Gornitshni
- Utval for diakoni og grøn kyrkje: Hanne Schnitler (leiar), Olaug Åmot, Margit Nygård, Elin Flatland, Svanhild Ask, Aud Berit Fossøy, Leonard Subrescu, Inger Cecilie Fitje (tilsett), Ingvar Vagstad (tilsett)
- Utval for trusopplæring: Anne Magerøy, leiar (Førde KFUK-KFUM), Greta Gard Endal (NMS), Hanne Bildøy (Søndagsskulen) Sven Ivar Hove (soknerådet), Heidi Voltersvik Styve (tilsett),

### 3. Tilsette gjennom Sunnfjord kyrkjelege fellestråd

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Stillingsstorleik</u>
Diakoniarbeidar	Ingvar Vagstad	100 %
Diakon/frivilligkoordinator	Inger Cecilie Fitje	100 % (50 % Home start)
Kateket/ leiar for truopplæringa	Heidi V. Styve	100 %
Kantor	Gro Gunnarson	100 %
Kantor	Asbjørn Flåm	50 % (hausten mest i Gaular)
Kyrkjegardsarbeidar	Oddbjørn Steinsund	15 %
Kyrkjelydspedagog	Ute Lindner	100 % (40% til Jølster)
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100 %
Kyrkjeseekretær	Kari Skullerud Holsen	100 %
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100 %
Kyrkjetenar	Leonard Subrescu	100 %
Kyrkjeverje	Inger H. Øvrebø	100 %

#### Ungdomsarbeidarar på timebasis:

Charlotte Winkler

Johannes Haugsvær (til august)

Jarand Fitje (frå august)

Ingrid Sofie Flaten (frå august)

## **Bispedømmet**

Prost	Reidar Knapstad (til juni)
Prost	Knut Magne Nesse (frå juni)
Sokneprest	Ingvald Andersen Frøyen
Ungdomsprest	Carsten Langeland (frå februar)

## **4. Overtaking av Førde kyrkjetun**

Kyrkjelova vart oppheva frå 1. januar 2021 og då forsvann særregelen som opnar for at stiftingar som er stifta før 1997 og som driv kyrkjeleg verksemd kan oppløysast og verdiane overførast til soknet. Stiftinga Førde kyrkjetun vart stifta i 1992 og kom inn under denne regelen. I samråd med styret for Stiftinga Førde kyrkjetun vart det gjennomført ein prosess og sendt søknad om oppløysing av stiftinga. Alle verdiane vart då overført til Førde sokn.

Sjå eiga årsmelding og rekneskap frå Stiftinga.

## **5. Universell utforming i Førde kyrkje**

Det har i fleire år vore planlagt tiltak for universell utforming i kyrkja. Førde kyrkje er ei listeført kyrkje som krev at vi må ta særskilde omsyn og ha løyve frå Riksantikvaren. Difor tek slike prosessar lang tid. Arki v/ Helge Naustdal har teikna fleire forslag som har vore drøfta med Riksantikvaren.

Året 2020 fekk vi på plass endelege teikningar og søknaden er godkjent av Riksantikvaren og Bjørgvin bispedømme. Det var også eige møte med Sunnfjord kommune kring finansiering. Dette vart då avklart:

- Nytt toalett i trapperommet mot vest
- Ny rømmingsveg inne i kyrkja
- Enkelt kjøkken bak i kyrkja
- Plass for rullestol ved å korte inn fire benkar
- Parkeringsplass ved kyrkja
- Rekkverk i kordøra: det er sendt søknad til Bispedømmet
- Sunnfjord kommune har løyvd investeringsmidlar i budsjettet for 2021

Så håpar vi å kunne gjennomføre alle tiltak i 2021. Det er etablert ei formell byggenemnd av Ellinor Wergeland, Helge Naustdal og Bjørn-Harald Haugsvær.

## **6. Arrangement i regi av Soknerådet**

Soknemøtet 18. oktober med tema revidert gudstenesteordning med ny liturgisk musikk

Avskjed og velkomst for Reidar Knapstad og Knut Magne Nesse 20. september

Fakkeltog 2. juledag

## 7. Økonomi

Tilsettingar skjer gjennom Sunnfjord kyrkjelege fellesråd og Bjørgvin bispedømme. Førde sokn har økonomiske forpliktingar knytt til stillinga som kyrkjelydspedagog (Gry Sætre), stillinga som diakoniarbeidar (Ingvard Vagstad) og til gjennomføring av tiltak for born og unge. Koronaåret har medført betydeleg mindre inntekt gjennom offer i kyrkja. Sjølv om utgiftene også er lågare er det eit stort underskot i rekneskapen for 2020. Dette aktualiserer fast givarteneste til aktivitetar i Førde sokn.

Rekneskapen for 2020 er gjort opp med eit meirforbruk/underskot på kr 53.720, etter inntektsføring av fond m.m. Soknerådet har vedteke at meirforbruket skal dekkjast frå disposisjonsfondet.

Driftsinntekter	547.431
Driftsutgifter	930.551
<b>Driftsresultat</b>	<b>-383.120</b>
Inntektsføring av overskot frå tidl. år og fond	329.400
<b>Resultat</b>	<b>-53.720</b>

Ved utgangen av året hadde soknet desse fonda:

Fond minnegåve	10.370
Driftsfond kyrkjebladet	42.878
Disposisjonsfond	133.767
<b>Sum fond</b>	<b>187.015</b>
Meirforbruk 2020	-53.720
<b>Sum fond etter frådrag for meirforbruk</b>	<b>133.295</b>

Bankinnskott ved utgangen av året: **139.465**

### Offer i Førde kyrkje

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Trusopplæring	17 430	57 016
Ungdomsarbeid	29 453	54 603
Diakoniarbeid	15 148	30 871
Anna, Førde sokn	18 981	61 061
Helg og heim	11 705	5 827
Førde kyrkjetun	4 743	17 088
Kirkens Nødhjelp	0	69 688
Andre organisasjonar	115 931	209 157
<b>SUM</b>	<b>213 391</b>	<b>505 311</b>

### Rekneskap for Førde sokn

	Fond/overført fond	Rekneskap 2020	Fond 2021
Trusopplæring	69 022	-66 177	2 845
Anna kyrkjeleg verksemd	160 334	-47 935	112 399
Konfirmantarbeid	203 630	-228 457	-24 827
Helg og heim	83 429	-40 551	42 878
<b>SUM</b>	<b>516 415</b>	<b>-383 120</b>	<b>133 295</b>

### Trusopplæring

	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Resultat</b>
Rekneskap 2020	61 750	-127 927	-66 177

Fond 1. januar 2020	0
Overført fond frå Fellesrådet (Førde)	69 022
Underskot 2020	-66 177
Fond 31. desember 2020	2 845

### Anna kyrkjeleg verksemd

	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Resultat</b>
Rekneskap 2020	253 572	-301 507	-47 935
Rekneskap 2019	558 330	-531 762	26 568

Fond 1. januar 2020	133 767
Overført overskot 2019	26 567
Underskot 2020	-47 935
Fond 31. desember 2020	112 399

### Konfirmantarbeidet

	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Resultat</b>
Rekneskap 2020	74 640	-303 097	-228 457

Fond 1. januar 2020	0
Overført fond frå Fellesrådet (Førde)	203 630
Underskot 2020	-228 457
Balanse 31.12.2020	-24 827

Dette er ikkje sendt ut rekingar for konfirmantavgift 2020/2021.

### Helg og heim

	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Resultat</b>
Rekneskap 2020	157 469	198 020	-40 551

Fond 1. januar 2020	0
Overført fond frå Fellesrådet (Førde)	83 429
Underskot 2020	-40 551
Balanse 31.12.2020	42 878

## 8. Statistikk

### Nokre nøkkeltal frå årsstatistikken for 2020 samanlikna med siste to år.

2020 har vore et annleis år på så mange måtar og dette syner sjølvsagt att i statistikken vår. Tala seier ikkje alt, men likevel noko.

	Førde 2018	Førde 2019	2020
Døypte eigne	107	86	87
Deltakande på søndagsgudstenester	11076	11672	5718
Deltakande på andre gudstenester	6209	6534	322
Deltakande på gudstenester Totalt	17285	18206	6040
Tal søndagsgudstenester	69	68	67
Tal andre gudstenester	51	43	14
Tal gudstenester med nattverd	44	58	26
Totalt tal på deltakarar til nattverd	3028	3360	648
Tal gudstenester totalt	120	111	81
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	144	154	75
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	161	171	86
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjestar	69	57	25
Tal konfirmantar	152	148	149
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	425.122 kroner	439.367 kroner	211.100 kroner
Innmelde	3	13	2
Utmelde	26	45	42
Vigsler	8	9	3
Gravferder	46	55	58
Deltakande på gravferder	-	7819	??

**Totalt søndagsgudstenester:** Sjølv om nokre sundagar har gått utan gudstenester, så har det også vore mange sundagar med doble gudstenester.

**Tal andre gudstenester:** Her er det stor nedgang mykje grunna at skulegudstenester vart avlyste både til påske og jul.

**Døypte:** Det er og verdt å merke seg at talet her er like høgt som i fjor. Det er gledeleg, og vi veit at vi har brukt mykje tid og ressursar på å få dette til.

**Nattverd:** Her har det vore forbod mot nattverd i lange periodar og mange har heller ikkje tort å gå. Difor er desse tala ganske markante.

**Gåver og kollektar:** Her er det meir enn ei halvering av gåveinntektene.

Dette er berre nokre få merknadar som eg har gjort etter at eg fekk tala i dag. Det syner likevel kor stor inngripen i arbeidet vårt Corona-tiltaka har hatt, og eg trur ikkje vi berre kan rekne med at «alt vert som før» den dagen det opnar opp att. Difor bør vi vere proaktive no framover og sjå til dømes på korleis vi kan sikre gåveinntektene våre, for det er med på å gje oss handlingsrom om vi vil nå breiare ut. Kva kan vi gjere for å hente folk inn att til gudstenester og korleis sikre det gode samarbeidet med skulane i kommunen. Berre for å nemne noko.

Ingvald Andersen Frøyen , Førde den 19.januar 2021

## 9. Meldingar frå utvala

### Misjonsutvalet

Misjonsutvalet har hatt to møter. Hausten 2020 vart utvalet omorganisert då berre Eli Swartz og Jorun Knapstad var med i utvalet. Tanken var å få til eit utval som representerte dei tre misjonsprosjekta i Førde kyrkjelyd. Vi ville også få ungdommen med slik at deira arbeidsformer med innsamling kunne bli brukt.

Med i utvalet fekk vi Hild Eimhjellen, 2 ungdommar frå Deciding og LIV , og ungdomsrepresentant og rektor frå Sunnfjord folkehøgskule, i tillegg til dei to som var i utvalet frå før.

På grunn av koronanedstenginga har arbeidet lege på is. Planen var å få til temasamlingar, infomateriell og aksjonar. Dette kjem ein tilbake til når situasjonen normaliserer seg.

### Diakoni- og miljøutvalet

Leiar: 01.01 – 27.05: Margit Nygård Frå 27.05: Hanne Schnitler  
Medlemmer: Olaug Åmot, Margit Nygård, Harald Eikenes, Leonad Subrescu (sokneråds-representant), Aud Berit Fossøy (sokneråd-representant)  
Tilsette: Diakoni/frivilligkoordinator Inger Cesilie Fitje og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad

Diakoniutvalet har hatt 3 møter i 2020.

Det nye soknerådet tok initiativ til ein gjennomgang av utvalsstrukturen, og resultatet vart m.a at miljøutvalet og diakoniutvalet vart slått saman til eitt utval; diakoni- og miljøutvalet.

2020 har i stor grad har vore prega av Korona-pandemi og restriksjonar i samband med dette. Vi har levd med strenge smittevernreglar og avgrensingar på kor mange som kunne vere samla. Dette har fått konsekvensar for det diakonale arbeidet.

#### Det diakonale arbeidet i kyrkjelyden i 2020:

**Grøn kyrkjelyd:** Kyrkjelyden held fram med å vere Grøn kyrkjelyd, og miljøarbeidet er godt forankra i trusopplæringsplan, konfirmantundervisning, gudstenester med tekstar, salmar og bønner og i dagleg drift. Det har ikkje vore eigne miljøarrangement dette året.

Miljøplanen vart revidert i 2018. Miljøplanen omfattar frivillige og tilsette, kyrkjebygget og kyrkjetunet. Førde kyrkje er registrert i portalen til Miljøfyrtårn. Ein har då høve til å søke om Miljøfyrtårnsertifisering.

**Kyrkjekaffi i kyrkja:** Diakoniutvalet har dei siste åra teke ansvar for kyrkjekaffi i kyrkjerommet nokre søndagar kvart semester. På grunn av restriksjonar i samband med Korona har det derimot ikkje vore kyrkjekaffi i perioden mars- desember 2020.



**«Søndag for alle»:** Førde Kyrkje samarbeider med Førde Normisjon, Førde KFUK/KFUM og Solvang Søndagsskule om tilbodet «Søndag for alle». Her inviterer vi heile storfamilien til middag på Førde Kyrkjetun og gudsteneste i Førde Kyrkje nokre søndagsettermiddagar. På grunn av restriksjonar i samband med Korona har det vore færre søndagar med «Søndag for alle» i 2020. Ei samling gjekk ut våren 2020, og hausten 2020 har det vore Søndag for alle gudsteneste 3 søndagar, men middag kun ein av desse.

**Kyrkjeskys:** Tiltaket er etablert og blir organisert av diakon/frivilligkoordinator. Liste for kyrkjeskys blir publisert i kyrkjelydsbladet Helg og Heim. På grunn av restriksjonar i samband med Korona var det ikkje kyrkjeskys våren og sommaren 2020. Vi etablerte tilbodet på nytt hausten 2020, men fleire av dei som hadde vore med som frivillige gav då melding om at dei ikkje kunne vere med lenger. Tilbodet er d.d derfor avgrensa til om lag 2 søndagar i månaden.

**Besøkseneste:** Det har i 2020 vore 10 uløna medarbeidarar knytt til besøksenesta. På grunn av koronarestriksjonar har det vore vanskeleg å oppretthalde tilbodet i 2020. Ein stor del av dei som får besøk bur på institusjon, og her har det vore strenge avgrensingar på besøk. Det er få som tek kontakt og ber om besøk, men det er viktig å ha auge og øyre opne for dei i kyrkjelyden som får ein endra livssituasjon, eller som ikkje lenger tek del i arrangement og samlingar. Det var planlagt samling for dei som er engasjert i besøksenesta i april, men dette arrangementet gjekk ut.

**Medarbeidarfest og oppfølging av uløna medarbeidarar:**

Det vart arrangert medarbeidarfest i januar med god oppslutnad. I samband med påske vart det sendt påkehelsing til uløna medarbeidarar.

**Sorgarbeid:** Minnegudsteneste på allehelgenssøndag samla også i år mange pårørande. Det vart tent lys på alterringen, og namna til dei som døydde i 2020 vart nemnde.

Den årlege temakvelden «Livet etterpå – om tapserfaringar, sorg og håp» der alle som har mista nære siste året invitert, samla litt færre deltakarar.

Sorggrupper i samarbeid med Sunnfjord kommune og Helse Førde er eit kontinuerleg tilbod kvart semester. Dette året har det vore 2 grupper i gong med i alt 12 deltakarar. Samarbeidet har vore godt og nyttig.

**KN-aksjonen:** Denne årlege aksjonen til Kirkens Nødhjelp er det konfirmantane saman med foreldre som gjennomfører. Aksjonen vart dette året gjennomført digitalt. Det vart likevel eit imponerende resultat.

2020: I heile kommunen kom det inn kr. 110000,- Aksjonen føregjekk over fleire veker. ( kr.103878,- i 2019)

**Julafta på Førde kyrkjetun:** Tiltaket er godt etablert med gode samarbeidsrelasjonar til Førde kommune og Førde Frivilligsentral. I år var det avgrensa kor mange som kunne møte, og einslege var prioritert.

Tilsaman 40 personar deltok på arrangementet dette året, av desse 10 frivillige.

**”Vi syng jula ut”:** Årleg arrangement på Førde Helsetun like etter jul. Program med andakt, song og servering av julekaker. Samlinga er godt motteken både av bebuarar og pårørande.

**Kyrkja i byen:** Visjon for Kyrkja i byen er å styrkje Førde kyrkje sitt nærver i byen. 3 tilsette og to uløna medarbeidarar har dette året vore med i turnus for eit møtepunkt på Skywalken på Handelshuset kvar onsdag mellom klokka 14-16. Siste onsdag før jul hadde vi også «Vandring med julespel». Dette vart svært godt motteke.

#### **Samarbeid med Førde Ressurssenter/Førde Frivilligsentral:**

**10-kaffien** på Kyrkjetunet vart arrangert kvar onsdag i skuleåret. 10-kaffien er eit godt møtepunkt som samlar om lag 20-25 personar kvar onsdag, og har no vore drive samanhengande i over 15 år.

Det var pause i kafeen mars-september.

**Onsdagsturane** etter 10-kaffien er og gode diakonale møtepunkt der ein inviterer til turar i nærområdet. Ein tilsett frå kyrkja og ein tilsett frå Førde Ressurssenter har ansvar for turen, og mellom 15 - 20 personar er med kvar gang. Turane vart avlyste mars-september.

Førde Ressurssenteret hadde samling i kyrkja før jul. Påskesamlinga gjekk ut.

**Home-Start Familiekontakten Sunnfjord:** Eit frivillig tilbod til småbarnsfamiliar med minst eitt barn under skulealder. HSF tilbyr støtte og rettleiing til familiar som sjølv ønskjer det, og hjelpa blir ytt av frivillige familiekontaktar som kjem heim til familien ein gang i veka 2-4 timar i ein periode – vanlegvis 6 månader.

Inger Cesilie Fitje er koordinator for HSF Sunnfjord . Koordinator si oppgåve er mellom anna å kurse og rettleie familiekontaktane og å vere bindeledd mellom familien og familiekontakt.

HSF Sunnfjord har i 2020 gitt tilbod til 12 familiar med til saman 28 barn.

Hausten 2020 hadde vi kurs for familiekontakter med til saman 4 deltakarar, og ved årsslutt har avdelinga 20 familiekontakter. Seks av desse har derimot pause pga Korona og av ulike andre grunnar.

Også arbeidet i HSF har vore sterkt prega av restriksjonar i samband med Korona, og vi har i lange periodar dette året ikkje hatt høve til å gjere det vi er best på; heimebesøk. Ut over hausten har situasjonen heldigvis normalisert seg noko. Dette har samanheng med at det har vore lite smitte i Sunnfjord og at det etterkvart vart teke meir omsyn til lokale variasjonar.

#### **Anna arbeid**

I løpet av året er det utarbeidd ny diakoniplan. Planen vart vedteken av soknerådet hausten 2020.

Våren 2020 lyste Kyrkjerådet ut diakonimidlar, og vi søkte om støtte til etablering av utstyrssentral i Sunnfjord. Dette vart gjort i samarbeid med diakon i Gaular, Ragnhild Stav og Sunnfjord Kommune. Vi fekk dessverre ikkje midlar, men ønskjer framleis å vere med i samarbeid kring etablering av utstyrssentral i kommunen.

## Kyrkjelydsbladet Helg og Heim

### Overordna målsetjing for bladet:

- at bladet vert lese av folk flest i alle sokna.
- at bladet kan ha eit innhald som både handlar om den kristne bodskapan og i tillegg har plass for kulturhistorie, reportasjar og portrett av engasjerte menneske.
- at bladet både melder og speglar aktivitet i kyrkjelydane.

### **Trykking og distribusjon:**

Helg og Heim har kome ut med 4 nummer i 2020, som er det same som året før. Alle nummera har vore i fargar. Blad nr 1 vart det siste frå Natvik Prenteverk. Arbeidet med å finne løysing på arbeidet med grafisk design munna ut i avtale med Geir Skagen ved Firda Tidend/Solglimt om design og med Husabø Prenteverk om trykk. Dette er også lokale bedrifter på Sandane og Leikanger, og samarbeidet fungerer godt. Opplaget på bladet er no om lag 7440. Bladet vart sendt ut til alle i sokna Førde, Naustdal, Vevring, Holsen og Haukedalen, i tillegg til den delen av Askvoll som ligg på Førdefjorden si sørside.

### **Redaksjon:**

I redaksjonen: Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler. Fleire har bidrege med artiklar, informasjon, «Min salme» m.m.. Prestane og andre tilsette har ansvar for å skrive ei andakt til kvart nummer, og det er satt opp liste over ansvarleg for kvart nummer.

### **Styret:**

Styret er samansett slik:

*Ole Johnny Warvik frå Førde SR, styreleiar*

*Arne Kleiva frå Naustdal SR*

*Marit Solheim, Førde*

*Bodil Frøysland frå Holsen og Haukedalen SR, skrivar*

Styret har hatt 5 møte i 2020. Saker styret har tatt opp: Nye avtalar om grafisk design og trykking. Personvernregelverk. Annonсар. Økonomi.

Arne Kleiva har tatt ansvar for annonsane, og arbeider med å standardisere annonsemalar, forbetre utforming og skaffe nye annonsørar.

### **Økonomi:**

Rekneskapan til Helg og Heim går inn som ein del av rekneskapan til Førde sokn. Den største kostnaden er trykking og porto.

Det kom inn ca kr. 83 000,- i bladpengar, som er markant nedgang frå kr. 131 000,- i 2019. For å bøte på dette ønskjer styret å gjeninnføre innlagt giro i bladet, sjølv om dette medfører ein ekstra kostnad. Kyrkjeoffer kr. 16 000,- (kr. 9 388,-). Annonseinntekter: Kr. 40 000,- (kr. 50 435,- i 2019). Det er ei grense for kor mange annonsar vi kan ha under ordninga med distribusjon til alle husstandar.

Rekneskap for 2020 viser eit underskot på 40 551,-, vert dekkja frå bunde fond.

## Trusopplæringsutvalet

### Trusopplæringsutvalet i 2020:

Leiar Anne Magerøy (NMS)  
Sekretær Heidi V. Styve  
Utvalsmedlemar Gunn Heimestøl (Holsen og Haukedalen Sokneråd)  
Svein Ivar (Førde Sokneråd)  
Hanne Bildøy (Søndagsskulen)  
Inger Anne Friborg

### Utvalet har hatt 2 møter og handsama 10 saker.

Møtet som skulle vere i mars vart avlyst på grunn av nedstenginga. Det neste møtet var i 16.november.

### Trusopplæringsutvalet har i 2020 jobba med følgjande:

#### Brukarundersøking:

- Brukarundersøking for Kode B er gjennomført.
- Det har vart ikkje utarbeidd brukarundersøking på Lys Vaken det vart avlyst.
- Det var ikkje gjennomført brukarundersøking på utdeling av 4-årsbok.

#### Medarbeidarfest 09. januar 2020:

- Eit av måla i trusopplæringsplanen er at det skal gjennomførast samling for uløna medarbeidarar i kyrkjelyden, der dei blir sett, møtt og får anerkjenning for den jobben dei gjer.

#### Revdering av trusopplæringsplanen:

- Trusopplæringsplanen som blei godkjent i 2013 skal reviderast innanfor kvar soknerådsperiode. Det vart lagt fram eit forslag til ny plan på møtet 16.november. Målet er å legge fram planen for Soknerådet i løpet av 2021.

### Trusopplæringstiltaka har i 2020 vore prega av smittevernreglar men har gjennomført nokre aktivitetar:

- Konfirmantarbeidet, Spiren, Karnevalsgudsteneste, Utdeling av 4-årsbok, Det Utrulege, Seinkveld og Kode-B fekk vi gjennomført før pandemien kom.
- I perioden 12.mars – 10.august hadde vi ingen aktivitet. Utanom konfirmantinnskriving.
- Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon gjekk digitalt og konfirmantane vart utfordra på å delta der.
- På hausten gjennomførte vi Vakuümveke, Førsteklasses, konfirmasjonar, oppstart og gjennomføring av konfirmantarbeidet, utdeling av 4-årsbok og Ope hus.
- I tillegg hadde vi julespel for barnehagar 4 dagar på rad. Vi hadde også julespel i Holsen kyrkje og besøk i Karstad barnehagen.

## Utval for gudsteneste og kyrkjemusikk

Leiar: Cathrin Hjelle Søvde  
Utvalsmedleamar: Inger Helene Nordeide, Odd Arne Standal, Gro Gunnarson og  
Ingvald Andersen Frøyen

Vi hadde året 2020 sju møter.

25. februar

19. juni

2. juli

20. august

17. september

15. oktober

12. november

Året 2020 fekk ein uventa start då verda blei utsatt for pandemien Covid-19. Det har hatt store konserkvensar for tal arrangement, då det til tider har vore både full nedstenging og innskrenkingar på tal menneske ein får samle.

Utanom dei faste oppgåvene som ligg i mandatet for utvalet har ein særskilt jobba med fylgjande:

### 1. Ny gudsteneste ordning

Dette var ei stor sak og tok mykje tid mht førebu og legge til rette for soknerådet. Dette for å sikre ei god handtering i sokna og råda. Den 18. oktober vart det halde soknemåte om ny gudsteneste ordning og liturgi. Kantor Gro sendte ut ein open invitasjon til alle sokna i Sunnfjord fellesråd for å synge igjennom den nye liturgiske musikken. Ny ordning vart vedtatt og teknen i bruk 1. søndag i advent.

### 2. Samanslåing av Gudstenesteutvalet og Kyrkjemusikalsk utval.

Det vart bestemt at Kyrkjemusikalsk arbeid fell under Gudstenesteutvalet. Nytt namn er Utval for Gudsteneste og Kyrkje musikk.

### 3. Korskulen i kyrkjelyden

Korskulen har vore drifta av kantor Gro Gunnarson sidan oppstart med minimalt av andre tilsette-ressursar. Vi ser dette som eit avgjerande viktig arbeid som må styrkast og forankrast om det skal ha ei framtid. Korskulen har i tillegg eit diakonalt preg og er ei kontaktflate inn mot kyrkja for mange born og vaksne. Det er også rekrutterande inn mot gudstenester og kyrkjelege stillingar. Korskulen har jobba med registrering i Brønnøysundsregisteret og å få på plass eit styre med representantar valde mellom foreldra til kormedlemene.

Korskulen i Førde kyrkje består av fire kor: Knøttekoret, Aspirantkoret, Jentekoret og Ungdomskoret med tilsaman 57 medlemmer.

### 4. Utleige av kyrkja

Retningslinjer for utleige av kyrkja til eksterne aktørar vedteke i soknerådet.

## 10. Meldingar frå tilsette

### Frå sokneprest Ingvald Andersen Frøyen

Eg hadde vel aldri sett føre meg at vi skulle føre namnelister og ha påmelding før gudstenester i Førde kyrkje. Eg hadde ikkje tenkt tanken at eg ein dag måtte stå på kyrkjetrappa og avvise folk, fordi det allereie var 50 personar i kyrkja. 2020 vart altså året der eg måtte ha sørgesamtaler på telefon, der nesten alle bryllaup vart avlyste, og der vi gjennomførte dåp med ein og ein familie i små separate dåpsgudstenester.

Som prest ynskjer eg jo å kunne møte menneske ansikt til ansikt. Eg ynskjer å kunne seie velkomen til alle som kjem til kyrkja. Eg vil gjerne besøke menneske og vere tilgjengeleg.

Noko av det mest krevjande med året som gjekk var å skulle planlegge så mange ting som det aldri vart noko av fordi føresetnadane stadig vart endra. Det var krevjande å sjå gode kollegaer som ikkje fekk vere i dei rollane dei var tenkt, fordi alle møteplassane var stengde.

Midt i dette har eg likevel sett at folk i stab og kyrkjelyd har vore kreative og nytenkande og funne nye måtar å gjere ting på så dei har kunna vere til stades for ein og ein, eller i mindre grupper.

Det er unaturleg og krevjande for ein kyrkjelyd, som jo handlar om fellesskap, å ikkje kunne samlast. Det er eit tap å ikkje kunne tilbe Gud saman, å syngja og be saman, men så får vi håpe og tru at denne erfaringa gjer noko med oss og at vi tek dette med inn i kyrkjelyden når ting vert meir normale att.

### Frå kyrkjelydspedagog Gry Sætre

**Januar** hadde eg ansvar for Nyttårsball for Deciding, Det Utrulege for 7-åringar, Seinkveld for 13-åringar og ei samling for Aktivkonfirmant-gruppa. I **februar** var eg med Deciding på Vintertreff i Ulsteinvik, hadde Karnevalsgudsteneste (Søndag for alle) og var med på Dåpsklubben i Haukedalen. I **mars** rakk eg å ha utdeling av 4-årsbok/4-årssamling og praksis i studiet mitt før **12.mars**. Deciding og Spiren gjekk også jamleg kvar veke fram til nedstenginga.

Under nedstenginga var det lite oppgåver og kontakt med kollegar. Det var derfor godt for meg at eg hadde studiet ved NLA; *Danning og trosopplæring*. Barn og unge. Der var det jamleg nettundervisning, oppgåvearbeid, og eksamensoppgåve (mai). Under nedstenginga arbeidde eg også med å skrive ny Trusopplæringsplan, og trusopplæringsteamet hadde nettmøte om den. I denne perioden var eg også med å planta på gravplassen og eg sette opp plakatar rundt kyrkja med oppgåver for barna (**april**).

I slutten av **mai** starta vi opp igjen med Deciding, og vi var med på innerdørs Bygudsteneste **7.juni**. Eg var med Ingvar på vandring i kyrkja for 4.klassingar og på konfirmantinnskrivning. I **august** hadde vi 35 barn med på Vakuumveke. Det var Førsteklasses/Søndag for alle, Utdeling av 4-årsbok, oppstart av Spiren, Deciding og eg var med Ragnhild i Bygstad/Sande på 4-årsbok i **september**. Vi starta også opp med Ope hus for 10-13 åringar (to fredagskveldar), deltok på Trusopplæringskonferanse, hadde konfirmantsamling for Aktiv-konfirmantar og Sprell-levandesamling for 5-åringar på Solvang i **oktober**. I **november** hadde vi eit møte med Trusopplæringsutvalet og vi la fram forslag til ny Trusopplæringsplan. Eg var med Ragnhild på 6-årssamling på Sande. **Desember** planla og gjennomførte vi Julespel i kyrkja for barnehagar i Førde og Holsen. I tillegg har eg vore klokkar, og hatt hovudleiaransvaret for Deciding frå hausten 2020.

Eg ser fram til vidare arbeid for barn og unge i Førde Sokn gjennom å blant anna iverksette ny Trusopplæringsplan. Det er ei utfordring, som eg ser - det er personalsituasjonen; **Vi treng nokon som kan ha fokus på unge-vaksne arbeidet.**

## Frå kontor Gro Gunnarson

Faste oppgåver: Speling på gudstenester, gravferd, vigsel og Førde omsorgssenter.  
Korarbeid, konsertar, GU-arbeid, deltaking i konfirmantarbeid m.m.

Opptredenar for kyrkjekoret vårsemester før landet vart koronastengd:

- 12. januar: Song på gudstenesta i Førde kyrkje.
- 26. januar: Deltok på Norges korforbund Sogn og Fjordane sin Nyttårskonsert i Førde kyrkje.
- 01. mars: Medarrangør av konserten «Salmeskatt» saman med Førde trekkspelklubb og Seniorkoret Sangglede i Førde kyrkje.
- 11. mars: Salmar i fastetida i Førde kyrkje.

Opptredenar for Korskulen vårsemester før landet vart koronastengd:

- 18. januar: Song på trusopplæringsarrangementet «Det utrulege» på Førde kyrkjetun
- 11. februar: Korskulen sin Minikonsert i Førde kyrkje
- 23. februar: Song på Karnevalsgudstenesta i Førde kyrkje.

Korsommarskulen var nytt i 2020 og vart gjennomført frå 26. juni til 01. juli med 12 deltakarar + 3 ungdommar.

18. juli var det sommarkonsert i Førde kyrkje med lokale deltakarar.

I løpet av hausten har det vore både øvingar og opptredenar.

Pga. korona vart den tradisjonelle haustkonserten gjennomført med berre kor frå Korskulen.

Kyrkjelyden sin julekonsert vart ikkje gjennomført, men kyrkjekoret hadde eigen julekonsert i Førde kyrkje søndag 13. desember. Same dag kl. 08.00 var det Luciakonsert med Korskulen.

Korskulen gjorde videopptak av julesongar som vart streama på Julaftangudstenesta, og veslejulaften song dei jula inn på NRK Sogn og Fjordane.

Kyrkjekoret song på avskilsgudstenesta til Reidar Knapstad 20. september.

Knøttekoret song på 4-årsgudstenesta 27. september.

Det vart ikkje arrangert instrumentale konsertar i 2020.

Elles vart det, i tillegg til mykje anna, gjort eit grundig arbeid gjennom fleire møte i GU, for å få på plass den nye liturgiske musikken, som er den rytmiske varianten.

Utfordringar framover:

Korarbeid er eit positivt men krevjande arbeid.

Eg møter ca. 40 barn + nokre foreldre, og 20 vaksne kvar veke som øver både mot deltaking i gudstenester og konsertar i kyrkja og på andre arenaer. Det er eit viktig arbeid som når mange i kyrkjelyden vår. Det er trong for fleire ressursar inn i dette arbeidet!

Førde kyrkje treng nytt piano, då det som står i kyrkja no begynner å bli ganske ferdigspelt.

## Frå diakoniarbeidar Ingvar Vagstad

### Aktivitetar

2020 var i stor grad prega av Korona-pandemi og restriksjonar i samband med dette. Vi levde med strenge smittevernreglar og avgrensingar på kor mange som kunne vere samla.

Fleire av tiltaka vart avlyst eller utsett.

Oppgåvene til diakoniarbeider er knytt opp til tiltaka i den lokale diakoniplanen. I tillegg kjem deltaking i konfirmantarbeidet, samarbeid skule – kyrkje og vandringar i kyrkja med barnehagane til jul og påske. Tiltaka i samarbeid med skule og barnahagar har heldigvis vore som eit normalår.

**Gudsteneste:** medansvar for 6 kvardagsmesser, helgemessegudsteneste, 2 samarbeidsgudstenester med Førde Ressurscenter, klokkartenste gjennom året. Andakter og besøk på omsorgssenteret, noko heimebesøk og samtalar elles. Nokre av desse oppgåvene har i periodar vore nedstengde.

**Konfirmantarbeid:** innskriving av nye konfirmantar vart gjennomført etter planen. Leir på Nesholmen, nattcup og skileir gjekk ut. Fasteasksjonen vart gjennomført digitalt.

Vandringar i kyrkja med barnehagane til jul og påske. På oppdaging i kyrkja med 4. klasse. Vandring gjennom Bibelen, kurs for 4. trinn vart gjennomført i dei fleste klassane. Fleire klassar frå Hafstad vgs har og vore på kyrkjebesøk. 10-kaffien og onsdagstur kvar onsdag. Denne har vore stengt i periodar.

Samlingar i kyrkja til jul med Ressurscenteret. Avlyst til påske. 2 sorggrupper med i alt 12 deltakarar vart gjennomført. Kyrkja i byen -møteplass på Handelshuset har vore sporadisk siste året pga Corona.

### Utfordringar framover

I første omgang vert det viktig å kome i gang igjen med dei tiltaka som har stått på vent, og byggje vidare på dei gode kontaktane vi har.

Diakoni og miljøutvalet har ein omfattande plan der fleire tiltak ikkje er realisert enno.